

Stavanger – Utstein – Talgje – Finnøy  
Jelsa – Sand – Suldal – Hylsskaret  
Mokleiv – Nesflaten  
Suldalsskaret / Brattlandsdalen – Røldal  
Ein tur med båt, buss og vandringar

30. - 5. juli 2026

Velkommen til frå Stavanger til Røldal

# Pilegrimsreise



Talgje



Jelsa



Sand



Suldalsskaret

Medvandrarrar:



Espen Gya  
Sokneprest i Sauda



Reidunnn Ferstad  
Selvstendig nærings-  
drivende, Trodla-Tysdal



Røldal

Arrangør: Utstein Pilegrimsgard og Den Norske Kyrkja



## Velkommen til pilegrimsreise frå Stavanger til Røldal 30. juni – 5. juli 2026

Frå byen ved havet og øyane dreg me inn fjordane, gjennom grøderike dalar og over høgfjellet til pilegrimsmålet.

På reisa er me innom seks kyrkjer før me kjem fram til stavkyrkja i Røldal. Under vegs blir det korte samlingar – og tid til stillheit.

Sokneprest i Sauda, Espen Gya vil vera med som pilegrimsprest og Reidunn Ferstad frå Trodla-Tysdal er med som leiar.

Fast tema for desse vandringane er «helse, helhet og hellighet», og i år vil me setja dette i samanheng med naturen og Guds forhold til alt det skapte.

Røldal var, etter Nidaros, det mest kjende pilegrimsmålet i Norge i middelalderen. I hundrevis av år søkte pilegrimar frå fjern og nær det undergjerande krusifikset.

Bli med på ein innhaldsrik tur med buss, båt og vandringar. Det blir gudstenester, tidebøner, meditasjoner, samtaler og gode måltidsfellesskap.

Turen endar i Røldal der me er med på Pilegrims stevne som startar fredag med eit historisk spel om pilegrimar.

Lørdag er me med på mellom anna pilegrimsseminar, kross - vandring og midnatts messe.

Velkommen!

## Om vandringane

Kvar dag blir det vandringar, ofte langs veg, men nokre er i krevjande terreng. Nokre stader kan det være vått i marka, så vanntette fjellstøvlar er ein fordel. Bagasjen vert frakta med bil, men ein liten svipptursekk for niste kan være greit å ha med.

Over Hylsskaret er det først 20 minutter bratt stigning, så eit flatare parti før bratt nedstiging. Vegen går til dels på mosegrodd stein. Til slutt går me eit strekk langs landevegen.

Fredag 4. juli er det to alternativer:

Ei ganske krevjande vandring på 5 - 6 timar over Suldalsskaret (8 km). Her går me i bratte bakkar, over lyng og stein, gjerne óg over mindre snøskavlar og gjennom tett skog. Fleire stader må me hjelpe kvarandre over bekkar.

Eller du kan velje å få sjå litt meir av Nesflaten-bygda før ein tur med buss gjennom dramatiske Brattlandsalen og så komme til Røldal i god tid før fjellvandringane kjem fram.

Krossvandringa i Røldal på lørdag kveld går i ganske lett terreng, litt stigning i starten og så berre nedoverbakke (6,5 km). Men her kan det være glatte steinar, så du må passe på kor du trørr!

## Program

### Tirsdag 30. juni

11:00 Oppmøte Stavanger Domkirke. Du får ein lunchpakke. Praktisk informasjon. Foredrag. Liturgisk utsendelse. Så tek me buss til Askje og vandrar omlag to og ein halv time (7,1 km) til Utstein Pilegrimsgard ved klosteret. Innkvartering på Pilegrimsgarden og på Utstein Kloster. Middag, tid for meir vandring, kveldsmat og så til slutt kveldsbøn i klosterkyrkja.

### Onsdag 1. juli

Etter frokost på Pilegrimsgarden kjører me til Talgje kyrkje. Så kjører me til Finnøy og Hesby kyrkje. Derifrå vandrar me omlag to timar til Judaberg (5,1 km) og tar båt til Jelsa. Her besøker me kyrkja og skulemuseet før me tek båt vidare til Sand. Innkvartering på Sand Fjordhotell. Middag og kveldbøn i Sand kyrkje.

### Torsdag 2. juli

Etter frokost på hotellet vandrar me forbi Sandsfossen og Høsebrua (1,7 km) før me tek buss til Herabakka. Så vandrar me til Suldalskyrkja (7,5 km). Her er det pilegrimsmesse. Så tek me buss vidare til Hylsskaret og vandrar over skaret og vidare til garden Mokleiv (4 km) kor me får ein stopp på nokre timar. Til slutt er det buss til Nesflaten og innkvartering på Energihotellet kor me óg et middag.

### Fredag 3. juli

Etter frokost på hotellet er det to alternativer. Sjå meir om desse under overskrifta Om vandringane. Middag på Skysstasjonen i Røldal og innkvartering i hytter. Om kvelden er det historisk spel om pilegrimar.

### Lørdag 4. juli

Pilegrimsstemne i Røldal: Tidebøner, stille time, bygdevandring, pilegrims seminar, kross - vandring (6,5 km) og midnattsmesse.

### Søndag 5. juli

Morgonsamling i kyrkja, frukost og avslutning. Turen sluttar her. Rutebuss og hurtigbåt tilbake til Stavanger. Rutebuss til Bergen eller Oslo. Deltakarane organiserer og betalar returreisa sjølv.

## Praktisk informasjon

Tid: Tirsdag 30. juni – søndag 5. juli 2026  
Arrangør: Utstein Pilegrimsgard  
Turleiarar: Espen Gya (41519913) og Reidunn Ferstad

Plass: 15 deltakarar.  
Overnatting: Pilegrimsgard/kloster, hotell, hytte.  
Oppreidd seng.

Pris: I dobbeltrom kr 11.500,-  
Tillegg for enkeltrom: 1.500,-  
Prisen dekkjer utgifter undervegs og i Røldal. I tillegg kjem omlag 400,- for kollektivtransport. Innan 27. mai 2026 på våre nettsider:

Påmelding: [www.utsteinpilegrimsgard.no](http://www.utsteinpilegrimsgard.no)  
Du vil få faktura tilsendt etter påmelding. Påmeldingar vert registrerte fortløpande så lenge det er ledig plass. Sjå informasjon på våre nettsider om avmelding og refusjon.

Ta med: Dagsturasekk, termos, sitjeunderlag, høvelege klede og vanntette sko/fjellstøvlar.